

Kairosdokumentet – Sannhetens øyeblikk?

Av Stedlig Representant i Israel for Den Norske Israelsmisjon, Andreas Johansson.

Kairosdokumentet (KD) blei lansert i Betlehem 11. desember i 2009 av palestinske kristne (fremst frå dei historiske kyrkjesamfunna). Det første vi ser på nettsida www.kairospalestine.ps til dette dokumentet er "A Moment of Truth. A Word of Faith, Hope and Love from the Heart of the Palestinian Suffering". Ordet "kairos" er gresk og tyder noko som "det rette tidspunktet". Tittelen "kairos" spelar òg på eit dokument med same namnet som blei skriva i kampen mot apartheid. Parallellen til kampen mot apartheid i Sør-Afrika ser ut til å vera tilsikta. Nettsida til KD viser at gruppa rundt dette dokumentet er ei aktiv gruppe som stadig produserer nye dokument og kommentarar til kva som skjer rundt den palestinske kampen.

Det palestinske KD har fått stor merksemd i mange kristne kyrkjesamfunn, ikkje minst ved at Verdskyrkjerådet har promotert det. Mellomkyrkjeleg råd i Norge har lagt ut link til dette dokumentet på www.kirken.no og i styringsdokumentet sitt for Midtausten for 2012-2014 (SDMØ), vedteke 30. mai 2012, skriv dei slik:

"Kairosdokumentet *Et sannhetens øyeblikk, et ord om tro, håp og kjærlighet fra hjertet av palestinsk lidelse* som kom i desember 2009, utfordrer oss til å tro på våre trossøskens beskrivelse av den fortvilete situasjonen for befolkningen i Det palestinske området.¹ Vi blir ydmyke, men samtidig oppløftet, av hvorledes de som lever under okkupasjon og fornedrelse, fastholder det kristne håpet og Guds kjærlighet til alle mennesker. Når *de* våger å tro at en rettferdig fred faktisk vil komme en dag, påhviler det oss i Den norske kirke et stort ansvar for å gå sammen med dem på fredens og forsoningens vei. MKR har tatt oppfordringene i Kairosdokumentet på alvor ved å gjennomføre studieprosesser både i Teologisk nemnd og i Komiteen for internasjonale spørsmål. Dette har resultert i en konsultasjon i 2011 og en bok som utkommer høsten 2012. Denne boka vil kunne spille en viktig rolle i vårt informasjonsarbeid i kirkelige miljøer i Norge. MKR vil fortsette å arbeide med de utfordringer Kairos-dokumentet gir oss." (kap 2.1.)

SDMØ listar opp "Kairos Palestine" som éin av MKR sine viktigaste samarbeidspartnarar (kap 3), og i kap 4.1. skriv MKR at dei vil spreia KD. I MKR sitt skriv frå mai 2010 om KD, tek MKR avstand frå nokre få ting i Kairosdokumentet. Utover det er det noko uklart i kor stor grad MKR identifiserer seg med innhaldet i KD. I allfall to av dei tilsette i staben for MKR har skriva under KD.

Men ikkje alle er like positive. Eg møtte ein arabisk pastor frå Nasaret hausten 2012, og på eige initiativ tok han opp KD og kalla det som stod der for "shtuyot", dvs tullprat. Snakkar vi om det same dokumentet? Ja, og velkomne til Midtausten!

¹ MKR responderte på Kairosdokumentet i en uttalelse fra MKRs møte i mai 2010. Se: <http://www.kirken.no/?event=DoLink&famID=122718>

Kva denne artikkelen er og ikkje er

Då eg gjekk praktikum på MF lærte eg meg i homilitikken (preikelære) at ein bodskap som skal framførast er avhengig av tre faktorar: Etos, logos og retos, dvs etikk, retorikk og logikk. Eg vil vurdera dette KD ut frå desse tre perspektiva.

Eg vil òg presisera at dette er ei vurdering av KD. For å kunna tolka KD kontekstuelte trekkjer eg inn perspektiv frå konflikten. Men, og det er viktig, denne artikkelen er ikkje ei skildring av korleis eg oppfatar konflikten og heller ikkje ei utgreiing av korleis eg ser på moglege og umoglege løysingar av konflikten. Denne artikkelen er heller ikkje ein måte for meg å seia at Israel og israelarar flest har "alt sitt på det tørre". Kva Israel kunne gjort annleis og kva slags handlingsrom og etiske forpliktingar Israel har for å bidra til anten å løysa eller å redusera konflikten, det fell utanom denne artikkelen.

Retos

KD er velstrukturert og har korte avsnitt som er enkle å lesa. Det kjende kristne trekløveret "tru, von, kjærleik" er brukt som inndeling. Lesaren blir invitert inn i teksten på ein pedagogisk måte. Kairos brukar mange ord som skaper sterke kjensler i lesaren (i allfall i meg), og dermed både engasjement for dei som lir og avsky for dei som blir skildra som skuldige til lidningane. Typiske ord som er brukt om israelarar eller om kva israelarar har gjort: "Grusom krig", "umenneskelege forhold", "plyndrar i Guds og maktens navn", "såkalte sikkerhetsgrunner", "forakt", "vold og hellig krig i den allmechtige Guds navn", "de må frigjøre seg fra ondskaperen i seg selv", "nødvendig for overgriperen å avslutte sin aggresjon", "okkupasjonsmyndighetene som nekter oss vår eksistens" osv. Lesaren av KD kan ikkje unngå å bli engasjert. Slik sett er dokumentet ein innertiar av ein publikasjon.

Då eg las dokumentet for første gong mens eg var i Norge, og det framleis ikkje var aktuelt å gjera teneste i DNI, tenkte eg: "Er det verkeleg så ille? Dette var overbevisande, man kan nesten ikkje argumentera mot det." Eg skjønner at mange kyrkjesamfunn har late seg engasjera av KD, for dei retoriske grepa er forbilledlege nesten heile dokumentet gjennom.

Etter at eg kom til Israel som utsending for DNI kjenner eg framleis at det retoriske nivået og det sterkt kjenslelada språket engasjerer meg, men no heller det meir mot at eg blir lei meg, frustrert og desillusjonert over kor lite konstruktivt kairosgruppa opptre. Dette har samanheng med kva vi skal sjå på under "etos" og "logos".

Etos

Når vi skal vurdera kor truverdig ein bodskap er, speler det ein viss rolle kven som formidlar. Omstenda rundt ein bodskap tyder noko. Det tyder noko kva den som formidlar elles har sagt og gjort. KD bør som alle andre dokument tolkast utfrå den konteksten det har blitt til i.

Kva skjedde ved lanseringa i Betlehem 11. desember 2009? Redaksjonskomiteen presenterte dokumentet med generalsekretæren i Verdskyrkjerådet, Olav Fykse Tveit², til stades, noko som indikerer at det skulle vera kyrkjeleg tyngde over lanseringa.

² Sjå bilete og billetekst på side 21 i den norske omsetjinga av KD.

Verdskyrkerådet spreidde dokumentet fort etterpå. Biskop Desmond Tutu var godt informert sidan brevet hans til lanseringa av KD er datert 11. des 2009. Men kven var med i redaksjonskomiteen? Med unntak av biskopen i den lutherske kyrkja, Munib Younan, var ingen i redaksjonskomiteen offisiell representant for kyrkjesamfunnet sitt ved lanseringstidspunktet.

Først fire dagar etter lanseringa av KD, dvs 15. des 2009, kom dei lokale kyrkjeleiarane, patriarkar, erkebiskopar og biskopar, på banen og skreiv ein liten tekst som i dag fungerer som ein type "forord" til KD. Det er ei utfordring å tolka korleis dette "kyrkjeleiarforordet" er meint å relatera til sjølve teksten i KD. "Forordet" manglar ein eksplisitt støtte til KD, og er meir ein generell oppfordring til palestinarar, israelarar og andre til å auka innsatsen for rettferd, fred og forsoning. Dei sterke kjenslemessige uttrykka er heilt fråverande i forordet³.

Kva skjedde så med den einaste kyrkjeleiaren som faktisk var med i redaksjonskomiteen? Biskop Munib Younan er i dag flytta over frå redaksjonskomiteen til lista med kyrkjeleiarane⁴. Sidan eg hørte Munib sjølv seia i mars 2012 at det er mange ting i Kairosdokumentet han er usamd i, kan eg skjønna at det ikkje var bra å stå oppført som ein del av redaksjonskomiteen. Kva var det som gjorde at han ikkje lenger står oppført som redaksjonsmedlem? Det er verdt å merka seg at fleire av prestane i den lutherske kyrkja, ELCJHL, har skrive under dokumentet, i tillegg til Mitri Raheb som var med i redaksjonsgruppa.

Fleire av medlemmane i redaksjonskomiteen har kome med personlege utsagn⁵ som står i spenning til måten den norske omsetjingsgruppa i forordet sitt har tolka KD. Korleis skal ein tolka dokumentet når fleire av dei som var med og skreiv det står for til dels andre ting enn det ein kan lesa ut av forordet til dei norske oversetjarane og av MKR sin respons på dokumentet?

I mars 2012 uttala preses for dei anglikanske biskopane i USA⁶ at boikott av Israel ikkje er vegen å gå, men at det er langt viktigare å byggja det palestinske samfunnet⁷. Svaret frå redaksjonsmedlem Naim Ateek 3. april 2012⁸ inneheld mellom anna:

³ Ein av dei som har skrive under på "forordet", men ikkje sjølve dokumentet, Fader Pierbattista Pizzaballa uttaler seg elles med forsiktig distanse til kairosgruppa:

<http://www.proterrasancta.org/2010/10/15/the-custos-of-the-holy-land-at-the-synod/>,
<http://www.ipost.com/International/Article.aspx?id=192507> og
<http://www.atg.ps/index.php?page=open%20letter>

⁴ Sjå fotnote 10 i http://www.icrelations.net/Resolution_on_the_2009_Kairos_Document.3288.0.html

⁵ Michael Sabbah: <http://www.memri.org/report/en/0/0/0/0/0/289.htm>, Atallah Hanna:
<http://www.memri.org/report/en/0/0/0/0/0/797.htm> og
http://palwatch.org/pages/news_archive.aspx?doc_id=6484, Naim Ateek: <http://www.ngo-monitor.org/article.php?id=902>

⁶ <http://www.anglicanjournal.com/nc/other/news-items/c/sliders/article/presiding-bishop-on-middle-east-peacemaking-dont-divest-engage-10633//abp/141.html>

⁷ MKR gir i SDMØ uttrykk for det samme synet, avsnitt 2.1.: "MKR er imot en *generell* økonomisk, kulturell eller akademisk boikott av Israel".

"Your words at the March 25th Los Angeles luncheon in which you emphatically said, invest in Palestine don't divest from Israel reached us on Monday of Holy Week. Those words shocked and hurt us. They felt like nails hammered into our bodies and the truth of our reality, as though we Palestinians are living a lie -- only imagining things, and if we only eat, talk, and share our stories, everything will be alright."

Den siste av medforfatarane vi skal sjå nærmare på er Rifat Kassis, som var/er koordinator for redaksjonskomiteen i Kairos. Han var internasjonalt koordinator for EAPPI (ledsagarprogrammet) ut august 2007 (ansatt i WCC). Sommaren 2007 gav EAPPI ut nr 6 av bladet Chain Reaction⁹ med ein artikkel om 40 måtar å enda israelsk okkupasjon på, der to av dei er å blokkera israelske ambassadar og å hakka statlege nettsider. Dette nummeret av Chain Reaction blei fjerna frå WCC sine nettsider først sommaren 2012¹⁰.

Rifat Kassis var mellom September 2007 og mars 2009 spesialrådivar for generalsekretæren i WCC i saker om Midtausten¹¹. No arbeider han i Kairopalestine. På eit jubileum for KD i 2011 refererte den lokale pressa at Rifat Kassis oppfordra til "a campaign of total boycott of Israel" (*hamlat muqata'a shamila li-Isra'il*)¹².

Då dåverande erkebiskop Rowan Williams, som elles er kjend som nokså propalestinsk, i juni 2011 uttala¹³ at kristne blir ramma av vald frå ekstremistar i Irak og at kristne har visse utfordringar med muslimane på Vestbreidda, svara Kassis ganske krasst¹⁴: Han var sjokkert meinte at Rowan Williams med slike utsegner tener same interessar som islamofobane. Dei hadde håpa at Williams skulle stå for noko anna enn høgrepertia. Williams burde ifølgje Kassis sagt noko om den israelske okkupasjonen og at dei innfødde palestinske kristne kan bli skada av slike haldningar som Williams viser

Rifat Kassis uttala i 2012 at¹⁵

"For me personally, I think that a [one-state solution](#) is more human, more civilized, and answers more fully to the needs of the Palestinians," "Any other solution might divide the Palestinians among too many places and obstruct their unity as one nation."

Eg er klar over at fellesdokument som regel er prega av kompromiss og er meir diplomatiske i språkbruken enn når enkeltpersonane kvar for seg uttalar seg. Dette gjeld

8

<http://www.kairopalestine.ps/sites/default/Documents/An%20Open%20Letter%20to%20Presiding%20Bishop%20Katharine%20Jefferts%20Schori.pdf>

⁹ http://www.ngo-monitor.org/data/images/File/Chain_Reaction_6th_edition.pdf

¹⁰ <http://www.jpost.com/Opinion/Op-EdContributors/Article.aspx?id=280172>

¹¹ <http://www.zoominfo.com/#!search/profile/person?personId=376585923&targetid=profile>

¹² <http://www.catholicsforisrael.com/he/articles/the-church-in-israel/201-kairos-palestine-from-mendacity-to-megalomania>

¹³ <http://www.archbishopofcanterbury.org/articles.php/2071/christians-in-the-middle-east-archbishop-on-world-at-one>

¹⁴

<http://www.kairopalestine.ps/sites/default/Documents/Kairos%20Palestine%20response%20to%20Dr%20Rowan%20%20Williams.pdf>

¹⁵ <http://electronicintifada.net/content/bds-key-just-peace-says-palestinian-christian-boycott-activist/11727>

også KD. Men eg meiner at det ville vera ei ikkje-kontekstuell tolkning av dokumentet dersom vi ikkje tolkar det i lys av det redaksjonsmedlemma elles har sagt og står for. Vi kan ikkje, når vi skal tolka KD, sjå bort frå brev og dokument som redaksjonsgruppa til KD sjølve har lagt ut på KD si eiga nettside.

Logos

Forfattarane kallar dokumentet sitt "Et sannhetens øyeblikk", og derfor forventar eg meg som lesar at omgrepa i dokumentet er veldefinerte, at påstandane i skrivet både er koherente og stemmer med historiske kjennsgjeringar.

Udefinerte begrep

Eit nøkkelbegrep i KD er "okkupasjon", som er tydeleg omtalt som "synd mot Gud og mennesker" (2.5). Det er ikkje vanskeleg å forestilla seg at det er krevande og frustrerande å leva med m.a. reiserestriksjonar, risiko for å bli utsett for militær ransaking og å mangla stemmerett i den staten som hæren ein møter til dagleg er styrt av. Det er grunnleggjande problematisk at eit folk skal administrera og styra over eit anna folk.

Likevel er ordet "okkupasjon" brukt på ein problematisk måte i KD sidan det ikkje er definert kva for landområde som er inkludert i okkupasjonen av palestinske territoriar. Handlar det om at Israel tok arabisk land i -48, som ligg innanfor det FN sitt delingsvedtak frå nov -47 definerte som jødisk stat (t.d. Haifa, Tel Aviv)? Siktar dei til land som Israel tok i 1948/49 som ligg i området delingsvedtaket sa skulle tilhøyra ein arabisk stat (t.d. Beer Sheva, Lod, Nasaret og Ashdod)? Eller meiner dei land som Israel tok i 1967 (t.d. Jenin, Hebron)? Særleg med tanke på at byar som Tel Aviv og Haifa ofte blir omtala som okkuperte palestinske byar i palestinsk media, er det viktig å merka seg at KD ikkje definerer kva slags landområde dei siktar til med ordet okkupasjon.

Det kan vera KD med "okkupasjon" siktar til kva som skjedde i -67, men når avsnitt 1.4 hevdar at "hvis det ikke hadde vært noen okkupasjon, ville det ikke vært noen motstand, ingen frykt og ingen usikkerhet", så er det rimeleg å spørja kva tid den palestinske motstanden mot Israel/jødane begynte? Var det palestinsk motstand før -67? Mellom 1948 og -67, då Vestbreidda var okkupert av Jordan, var det mykje voldeleg palestinsk/arabisk motstand mot Israel, t.d. blei PLO danna i 1964, for å kjempa mot staten Israel, og ikkje mot den jordanske okkupasjonen av Vestbreidda. Det er ikkje mogleg å vita kva årstall og landområde KD siktar til med "okkupasjonen", og kanskje er ikkje redaksjonskomiteen samde internt heller?

KD definerer okkupasjon som ei synd mot Gud, utan å presisera kva slags landområde ein siktar til. KD meiner at heile motstanden mot israelarane har med okkupasjonen å gjera (1.4).¹⁶ Derfor kan ikkje israelarane på førehand vita kor stor tilbaketrekking KD krev for at okkupasjonssynda og motstanden skal opphøyra.

¹⁶ Påstanden om at "ingen israelsk okkupasjon" er lik "ikke noen motstand, ingen frykt og ingen usikkerhet" (1.4.) er ikke historisk haldbar sidan det var mykje arabisk/palestinsk motstand lenge før staten Israel blei oppretta i 1948. Det er lett å finna døme på valdelig motstand mot jødar og jøder som fryktar for livet sitt langt tilbake i historia i heile Nordafrika og Midtausten, det heilage landet inkludert. Døme på muslimsk behandling av jøder i Jerusalem:

KD saknar eit resonnement om korvidt okkupasjonen blei utført som ein aggressiv handling, eller om okkupasjonen kom som eit resultat av sjølvforsvar¹⁷. Når det gjeld Vestbreidda, så var det Jordan som gjekk til angrep på Israel i -67. I 4.2.5 anerkjenner KD retten til å forsvare seg, noko som burde gjelda Israel òg.

Sidan Kairos støttar boikott av "alt som produseres som en del av okkupasjonen" (4.2.6) og dei arbeider for "økonomiske sanksjoner og boikott rettet mot Israel" (7.1) kan det vera opplysende å sjå kva BDS-rørsla står for. KD uttalar ikkje direkte støtte til BDS-rørsla, men i Bethlehem Call som blei laga to år seinare i desember 2011 av den same kairosgruppa, er støtta til BDS tydeleg. BDS har tre mål: 1) Oppheva okkupasjonen. 2) Oppheva all diskriminering i Israel (t.d. oppheva tilbakevendingslova for jødar). 3) Få dei palestinske flyktningane heim. Omar Barghouti, ein av forgrunnsfigurane i BDS, seier at dei palestinske flyktningane sin rett til å venda tilbake er uoppgeveleg¹⁸. Då skjønar ein fort at sjølv om Israel skulle trekkja seg tilbake til den grønne linja i morgon, så skulle det likevel ikkje bli ro rundt staten.

Kairosdokumentet refererer til palestinsk lidning, som dei sjølv sagt må kunna fortelja om, slik som alle folk må få lov til det. Problemet med måten dokumentet brukar ordet "lidning", er at dei skildrar lidinga som stor utan å samtidig analysere kven som har ansvaret for lidinga. Det er underforstått i heile dokumentet at sidan palestinsk lidning er stor, så er det på ein måte Israel sin feil, men det blir aldri argumentert for det.

Menneskerettsorganisasjonen Palestinian Human Rights Monitoring Group fortel om tortur¹⁹ i palestinske fengsel og manglande rettssikkerhet²⁰ under både PA og Hamas. KD sin bruk av "lidning" er i beste fall overforenklande. Sjølv sagt bør "palestinsk lidning" som israelske styresmakter har ansvar for påtalast òg.

Dessutan bør ein kunna forventa at eit dokument som seier seg vera interessert i "medmenneskelige metoder" (4.2.3), "motstanderens verdighet" (3.4.2) og som tek avstand frå "doble standarder" (7.1), skriv nokre ord om lidning på den andre sida av konflikten òg for å kunna setja si eiga lidning i perspektiv. Dei nemner uretten jødar har lide i europeiske land, men seier ikkje noko om korleis jødar har levd i arabiske land under muslimsk styre og heller ikkje om korleis jødar har måtta, og framleis må forholde seg til, antisemittisme frå kristne i

<http://elderofziyon.blogspot.co.il/2008/04/jewish-relations-with-muslims-in.html> Sjå òg "In Ishmaels House – A History of Jews in Muslim Lands" av Martin Gilbert, Yale University Press 2010. Døme på kristne sin behandling av jødar i Jerusalem: <http://elderofziyon.blogspot.co.il/2008/04/jewish-relations-with-christians-in.html>

¹⁷ Dersom land kunne i forsvarskrig folkerettsleg i sin heilskap skal definerast som "ulovleg" eller som "synd imot Gud", ville det innebera at risikoen ved å starta ein angrepskrig vil bli redusert sidan angriparen i tilfelle tap i eigen angrepskrig berre kan kreva tilbake alt via FN etterpå.

¹⁸ <http://www.aljazeera.com/indepth/opinion/2011/09/201191394042383843.html>

¹⁹ The reality of this philosophy appeared after five years of PNA rule in the West Bank and the Gaza Strip. More than 98% of the persons we met suffered more than one kind of physical and/or mental torture. 66% of the cases said that they were under severe beating, more than 73% of them said that they experienced extremely painful Shabeh positions, around 86% of them experienced solitary confinement, and 44% were deprived sleep, food, and drink.

<http://www.phrmg.org/monitor1998/oct98.htm>

²⁰ <http://www.phrmg.org/PA%20Political%20Arrest%20Report-May%202008.pdf>

http://www.phrmg.org/Fatah%20and%20hamas%20abuses%20since%20June%202007%20report%20_2_.pdf http://www.phrmg.org/monitor2000/jun2000-detention_centers.htm

Midtausten. Det mest oppsiktsvekkende er at dei ikkje seier noko om korleis det er å vera terroroffer. Skal vi først snakka om liding, må vi nemna alle typar liding, palestinsk og israelsk, og gjerne eit utblikk til liding i resten av verda.

Neste omgrep som er hyppig brukt, men som ikkje blir definert, er "rettferd". KD seier dei kjempar for at palestinarane skal "få tilbake landet, friheten, verdigheten og uavhengigheten" (4.2.3). Dei seier òg fleire plassar at dei vil oppnå "sikkerhet og fred for alle" (7.1). Samtidig ser det ut til at dei forventar at rettferd må koma før forsoning: "I tillegg til dette ser vi en vilje hos mange til å legge fortiden bak seg og være klar til forsoning når rettferdigheten er gjenopprettet" (3.3.4.), og "Vi kan organisere vårt politiske liv i all dets kompleksitet i samsvar med kjærlighetens logikk og kraft etter at vi har avsluttet okkupasjonen og skapt rettferdighet." (5.4.2.)

For meg er det framleis noko uklart kva dei meiner med rettferd, særleg med tanke på at det palestinsk side kallar rettferdig vil israelsk side kalla urettferdig - og omvendt. Korleis skal ein vekta lidinga og tapet dei 725 000 palestinske flyktingane opplevde i samaband med Sjølvstendigheitskrigen/Naqba med den lidinga og det tapet dei 850 000 jødane frå land i Midtausten og Nordafrika opplevde over ein lang tidsperiode og som toppa seg mellom 1940 og 1970? Korleis skal ein då kunna leva saman "etter rettferd er skapt", dersom den andre parten oppfattar denne "rettferda" som grunnleggjande urettferdig? Det er ikkje før ein har både levd seg inn i og drøfta alle sider ved saka ein kan nærma seg ein eller annan form for intersubjektiv oppfatning om kva som er "rettferd" i denne konflikten. KD prøver ikkje på å gjera greie for meir enn ei side av saka.

Ordet "stat" er neste ord som ikkje er tilstrekkeleg definert i kairosdokumentet. Det ser ut til at dei kjempar for "én stat for alle innbyggere" (9.3), samtidig som dei unngår å bruka ordet "tostatsløyising". Kairosdokumentet unngår heilt spørsmålet om korleis det skal vera mogleg å sannsynleggjera at ein slik ny stat vil kunna bli demokratisk med tryggleik for alle innbyggjarane.

Det er eit ryddig standpunkt å vera imot tostatsløyising men. Problemet er likevel at i resepsjonen av KD viser det seg at kyrkjer og organisasjonar som skriv under eller distribuerer dokumentet ofte sjølve går for ei tostatsløyising (dvs i spenning med KD), samtidig som dei gjerne kritiserer Israel sin regjering for å trenera ei tostatsløyising. Dersom ein gir ein eller annan form for legitimitet til KD sin måte å unngå ordet "tostatsløyising", må ein vera raus nok til å gje Israel sin regjering rom til å vera minst like våg.

Dobbel standard

KD påstår dei er imot doble standarder (7.1), og det er vel og bra. Dei kritiserer det internasjonale samfunnet for å ha nekta å forholde seg positivt til det palestinske folkets vilje uttrykt i valet 2006 (1.5.1), ein vilje KD meiner er fritt uttrykt (9.4). Hamas vann det valet, og Hamas har gjennom styret sitt i Gaza vist at dei undertrykker medlemmer av Fatah kraftig. PHRMG konkluderer i rapporten sin frå desember 2007:

"Thus far, Hamas has continued to rule with a complete disregard for human

rights. Until Hamas progresses towards more moderate, peace-oriented positions, Gazan Christians will continue to live in fear and desperation."²¹

Hamas har dessutan eit uttala mål om å kjempa mot Israel. Eit av mange moglege døme: I eit klipp vist på Al-Aksa TV (offisiell Hamaskanal) 10. aug 2012 preikar hamasrepresentanten Ahmad Bahr om kor viktig det er å utsletta alle jødar.²² Kva meiner KD med å vera skuffa over at Hamas ikkje fekk lov å styra på Vestbreidda òg? Korleis kan ein jøde stola på at kairosforfattarane vil "se Guds ansikt i motstandernes ansikt" (4.2.3), og meina overgriparen må avslutta sin aggresjon (4.2.3), samtidig som KD er skuffa over at Hamas ikkje styrer over heile det palestinske sjølvstyremrådet? Er det overgrep eller ikkje å be Gud om at han skal utsletta alle jødar, kvar einaste ein? Er det dette som er det palestinske folkets fritt uttrykte vilje? Eg håpar inderleg ikkje at KD sin redaksjonskomite har rett i kva som er det palestinske folkets vilje.

Inkonsekvsar i sjølve dokumentet

Eit anna problem er at Kairosdokumentet ein stad er skuffa over at ikkje valet i 2006 blei respektert, dvs dei er skuffa over at Hamas ikkje kom til makta i 2006, samtidig som dokumentet i 9.3. avviser ein religiøs stat, anten den er jødisk eller islamsk. Hamas står som kjent for ein islamistisk stat. Dessutan står det i den palestinske konstitusjonen frå 2003 i artikkel 4 at islam er den offisielle religionen i Palestina og at hovudkjelda for lovgjevinga i Palestina er sharia, noko som då "kveler staten" (9.3). Skal kairosgruppa vera truverdige her må dei ikkje berre kjempa mot "jødisk stat", men dei må påtala sjølve grunnlova i dei palestinske områda, sidan den er langt meir "religiøs stat" enn det den "jødiske og demokratiske staten Israel" nokon gong har vore. Kairos silar mygg og slukar kamelar.

KD skriv ganske mykje om kjærleik og om at valdens veg må vika for kjærleikens logikk. Motstanden mot ondskapen må gjerast med sivil ulydnad, seier dei. Det skulle berre mangla i eit dokument som er kristent. Men sjølv her sviktar logikken for forfattarane. Dei skriv i 4.2.5:

"Vi står ikke imot med død, men heller gjennom respekt for livet. Vi respekterer og har stor aktelse for alle som har gitt sitt liv for vår nasjon. Vi bekrefter at alle borgere må være klare til å forsvare sitt liv, sin frihet og sitt land."

Korleis heng desse tre setningane saman? Den første setninga respekterer livet. Den andre setninga handlar om at dei som har gitt livet sitt for den palestinske nasjonen har rett på "stor aktelse". Dei fleste land og folk set opp minnesmerke over soldatar eller andre nasjonalheltar som har gitt livet sitt for nasjonen sin. Spørsmålet er kva slags kriteriar som skal til for at det skal vera etisk forsvarleg å hylla ein person som har gitt sitt liv for nasjonen? Kva skal til for at personar som gir livet sitt for nasjonen skal kritiserast og fordømast for handlingane sine? Israelaren Baruch Goldstein som sto for massakren på palestinarrar i Hebron i 1994, der han sjølv òg blei drepen, har (altfor) mange tilhengjarar som meiner at

²¹

<http://www.phrmg.org/Fatah%20and%20hamas%20abuses%20since%20June%202007%20report%202.pdf>

²² <http://www.memritv.org/clip/en/3538.htm> Se også Hamascharteret http://avalon.law.yale.edu/20th_century/hamas.asp

han gav livet sitt for nasjonen sin²³. Likevel har det israelske storsamfunnet og israelske styresmakter teke kraftig avstand frå handlingane hans, både i ord og ved å kjøyra bulldoser over minnesmerke tilhengjarane hadde sett opp.²⁴

Sidan KD meiner at "alle" (palestinarar) som har gitt livet sitt for nasjonen fortener "stor aktelse", er det relevant å analysere korleis t.d. dei palestinske sjølvmondsbombarane "gav livet sitt". For det første har desse sjølvmondsbombarane/"martyrane" støtte høgt opp i det palestinske samfunnet. PLO-ambassadøren til Libanon, Abbas Zaki, sa 6. januar 2009 (dvs nesten eitt år før KD kom ut) på libanesisk fjernsyn at kva for ein som helst operasjon som får israelarar til å gråta er godkjend og kva slags martyroperasjon som helst er tillaten.²⁵

Ali Ala'an, som m.a. planla aksjonen mot buss nr 37 i Haifa 5. mars 2003 der 17 menneske, både jødar og arabarar døyde,²⁶ dei fleste av dei tenåringar, blir ikkje fordømt av det palestinske storsamfunnet. Han fekk for eksempel eit forballag oppkalla etter seg på ein forballturnering i Betlehem i 2011, der forøvrig mange offisielle palestinske representantar deltok²⁷.

Hanani Jaradat frå Jenin²⁸ sprengte seg sjølv i lufta på Maksim-restauranten i Haifa 4. oktober 2003. Hausten 2012 tildelte den arabiske advokatforeninga Hanani Jaradat ein plakett med teksten "the union's pride in [Jaradat's] action in defense of Palestine and the ummah." Representanten kom heim til familien hennar og dei seier at dette er den største æra advokatforeninga gir. Før Hanani Jaradat sprengte seg sjølv i lufta skreiv ho eit testamente der ho m.a. ser fram til løna ho skal få frå Allah for offeret sitt. Her presiserer ho at ho søker martyrstatusen av fri vilje, og skriv at krigen mot dei [jødane] handlar om tru og eksistens og ikkje om grenser, for så mot slutten av brevet sitt å ønskja at foreldra hennar skal vera fornøgde med henne og på gjensyn i Paradis.

Sidan KD har "stor aktelse for alle som har gitt sitt liv for vår nasjon", så gjeld det òg for Hanadi Jaradat, Ali Ala'an og alle dei andre som har gjort mest mogleg for å drepa og skada flest mogleg israelske born og ikkje-stridande personar.²⁹

For meg sit det langt inne å godta at det Hanadi Jaradat gjorde ved å sprengja seg sjølv og andre i lufta var "respekt for livet". Går vi så til tredje setninga der einkvar borgar skal vera klar til forsvar av landet sitt, er det òg viktig å diskutera korvidt det å sprengja seg sjølv i lufta på ein restaurant kan rommast innanfor "forsvar av landet sitt".

²³ http://en.wikipedia.org/wiki/Baruch_Goldstein

²⁴ Liknande resonement kan man føra om Yigal Amir som skaut Israel sin statsminister Yitzhak Rabin og om Anders Behring Breivik. Begge desse to meiner om seg sjølv at dei har utført stordåd og dei har (alt for) mange tilhengjarar, men storsamfunna dei tilhøyrer har teke avstand ved å setja begge to i fengsel som kriminelle.

²⁵ <http://www.memritv.org/clip/en/1980.htm>

²⁶

http://www.mfa.gov.il/MFA/MFAArchive/2000_2009/2004/1/Suicide%20bombing%20of%20Egged%20bus%20No%2037%20in%20Haifa%20-%205-Ma

²⁷ http://palwatch.org/site/modules/print/preview.aspx?fi=532&doc_id=5117

²⁸ <http://www.memri.org/report/en/0/0/0/0/0/6796.htm>

²⁹ Sml kva enkja etter Yassir Arafat, Suha Arafat, seier om at mannen hennar planla og initierte intifadaen. <http://www.memritv.org/clip/en/3689.htm>

Ved å formulera seg på denne måten bryt KD ned alle grenser mellom stridande og ikkje stridande individ, mellom soldatar og sivile, mellom legitimt forsvar og ekstremistiske handlingar. Dessutan må det å "forsvara landet sitt" i tilfelle gjelda universelt, dvs òg for israelarar. Då må ein – sjølv om KD ikkje gjer det – gå inn i spørsmålet om kva slag metodar som er legitime som forsvar og ikkje, og kva måtar å gje livet sitt som fortener "aktelse" og ikkje. Det held ikkje å gje blankofullmakt til palestinarar og samtidig på generelt grunnlag fordøma heile den israelske hæren som vondskapsfull.

I avsnitt 4.3 argumenterer KD for at ein ikkje skal "fordreie sannheten om okkupasjonen ved å late som det er en kamp mot terrorisme". I ein type konflikt som den mellom Israel og palestinarane anklagar begge partane kvarandre hyppig for å fordreia sanninga. Når begge partane har fornærma kvarandre med å ankla den andre sida for å "fordreie sannheten", er utfordringa å prøva å koma med ein eller annan form for belegg for kvifor akkurat den sida ein sjølv tilhøyrer ikkje fordreier sanninga. Eg kan ikkje skjønna anna enn at KD hoppar over den utfordringa.

I neste setning (4.3.) fornektar dokumentet at terrorismen er reell terrorisme ved å setja ordet i hermeteikn ("terrorisme"), og påstår at røtene til "terrorismen" ligg i den umenneskelege urettferda og i okkupasjonen sin vondskap. Korleis skal vi forstå det? Når den 20 år gamle datastudenten Mahmoud Amadan Salim Kawasme sprengjer seg sjølv på den tidlegare omtala buss nr 37 i Haifa 5. mars 2003³⁰ og 17 menneske dør, er det då "terrorisme" i hermeteikn?

Kvifor kallar kairosforfattarane slike hendingar for "terrorisme" for så etterpå å oppfordra Israels folk til å "bli partnere i fred, og ikke i rundansen av endeløs vold"? Kan ein stoppa vald og terrorisme ved å berre lata som at det er noko anna?

Kva er det KD sine forfattarar eigentleg meiner når dei i 5.4.1. seier dei har ein bodskap om kjærleik, om å leva saman og å motstå fanatisme og ekstremisme? Etter at Mahmoud Amadan Salim Kawasame hadde sprengt seg fann dei eit skriv på kroppen hans der han lovpriste angrepa i New York 11. september og mange koransistat. Var bussattakken i Haifa i mars 2003 ein form for ekstremisme og fanatisme eller var det berre "terrorisme"? Når "sannhetens øyeblikk" kjem, kva svarar redaksjonskomiteen til KD på slike spørsmål? Kva meiner dei som har skrive under på KD?

Har dei sjekka fakta?

Kairosdokumentet seier det er umenneskelege forhold i Gaza (1.1.1.). Det stemmer at der er mange alvorlege problem og utfordringar i Gaza, også på grunn av Israel sine handlingar, men ikkje berre. Likevel: Ikkje lenge etter at KD blei skrive, opna dei eit nytt olympisk badebasseng i Gaza³¹.

³⁰

http://www.mfa.gov.il/MFA/MFAArchive/2000_2009/2004/1/Suicide%20bombing%20of%20Egged%20bus%20No%2037%20in%20Haifa%20-%205-Ma

³¹ <http://israelseen.com/2010/05/27/free-gaza-fancy-restaurants-olympic-size-swim-pools-what-the-media-won%E2%80%99t-report-about-gaza/> Se også den palestinske versjonen: <http://maannews.net/eng/ViewDetails.aspx?ID=285242>

Kairosdokumentet påstår at "Jerusalem fortsetter å bli tømt for palestinske innbyggere" (1.1.8). Det er rett at Israel kan gjera meir for dei arabiske innbyggerane i Jerusalem, og at der er hat og diskriminering. Likevel: Prosentandelen arabarar i Jerusalem var i -67 26%. I 2000 var andelen 32 % og i 2010 36 %³².

KD påstår at dei israelske arabarane har lidd historisk urett (1.2.1). Det stemmer at diskrimineringa har vore og er større enn det den burde vera, men samtidig let det seg vanskeleg gjera å påvisa at arabarar skulle ha betre rettsvern og ytringsfridom i nokon annan arabisktalende stat enn det dei faktisk har i Israel. Den som er rein kan kasta den første steinen! Likevel: Det er viktig at Israel gjer endå meir for å redusera diskrimineringa i Israel.

Problematiske teologiske standpunkt

Heile KD unnlet å drøfta dei frelseshistoriske linjene ved utveljinga av det jødiske folket og kva slags posisjon det jødiske folket har i Guds plan. Det er problematisk.

KD er tydeleg på at ein ikkje kan bruka Bibelen for å støtta posisjonar som er basert på urett (2.4). Det er eit viktig prinsipp, men eg kan ikkje fri meg frå at forfattarane brukar Bibelen og fine ord som "kjærleik" til å legitimera urett. Når Desmond Tutu i si helsing til lanseringa av KD erklærer at "Bibelens Gud er på deres [palestinarane] side", blir det klart at Gud her blir presentert som partisk. Det er langt meir i samsvar med den bibelske budskapet å seia med apostelen Paulus:

"Kva skal vi seia til dette? Har vi jødar nokon fordel framfor andre? Nei, på ingen måte! Vi har då nettopp skulda både jødar og grekarar og sagt at dei er under synd alle saman, som det òg står skrive: Det finst ingen rettferdig, ikkje ein einaste. ... Vi veit at alt det lova seier, det seier ho til dei som har lova, så kvar munn skal teia og heile verda stå skuldig for Gud. Ikkje noko menneske blir rettferdig for Gud på grunn av gjerningar som lova krev. Lova gjer berre at vi lærer synda å kjenna." (Rom 3,9-10.19-20)

Både jødar, palestinarar og alle andre folkeslag har gjort mykje galt, og det er Gud som skal døma oss alle til slutt, etter lik og rettferdig standard.

Det frigjeringsteologiske maktperspektivet er tydeleg i KD. Poenget er at den som har større makt, har eit større ansvar. Det er ein bibelsk tanke. Likevel er bruken av maktperspektivet i KD problematisk av to grunnar: 1) Det er ikkje alltid eintydig kven som har størst makt. Israel er både mektig og avmektig, avhengig av kva slag relasjon ein ser på. 2) Reell avmakt og/eller dyrking av eigen offerrolle gir ikkje etisk blankofullmakt til eikvar handling. Sjølv den svake parten i eit forhold både kan utøve og utøver etisk vondskapsfulle handlingar.

Eit døme på at det kan vera direkte destruktivt å bruka det frigjeringsteologiske maktperspektivet konsekvent: Dersom eg som far alltid hadde gitt det yngste av barna mine "rett" fordi det eldste barnet "er større og har meir makt", ville eg lett klart å skapa så mykje bitterheit mellom dei at relasjonen mellom dei for alltid hadde blitt øydelagd.

³² <http://www.jiis.org/.upload/facts-2012-eng.pdf>

Oppsummering

KD har sitt utspring i ein oppriktig frustrasjon, og den frustrasjonen bør alle lytta empatisk til. Samtidig er KD, dessverre, sakleg sett eit svakt dokument. Eg vil slutta meg til kva Central Conference of American Rabbis (CCAR), som støttar ei tostatsløyising, konkluderer med at KD er mangelfullt faktamessig, teologisk og moralsk^{33 34}.

Grunnen til at vi likevel må snakka om KD, er at Verdskyrkjerådet, MKR og andre har promotert det. KD har kome for å bli, samtidig som eg ikkje kan sjå nokon grunn til å bli "ydmyk, men samtidig oppløftet" av KD.

Det er viktig å prøva å forstå, det er viktig å lytta empatisk til kven det måtte vera, palestinarar inkludert, men vi kan ikkje godta utåleleg etikk, inkonsekvent argumentasjon og måten Gud blir teken til inntekt for eigne handlingar, samtidig som dei sterkt kritiserer andre for å ta Gud til inntekt for sine handlingar. Skal vi unngå å vera rasistiske mot palestinarar, så må vi forventast den same type konsistente argumentasjon som av kven som helst annan.

Eg øvar meg i å godta at palestinske kristne rundt KD fremjar desse synspunkta som kjem fram i KD, og samtidig håpar og trur eg at det må finnast andre palestinske kristne som snakkar meir eintydig og etisk. Det er uheldig om KD skal få stå som den eine representanten for "palestinsk teologi". Personleg vil eg gjerne ha eit betre inntrykk av mine palestinske brør og søstre, enn det som er mogleg å få gjennom KD.

Israel er ikkje feiltfritt – langt derifrå,³⁵ og det bør Israel jobba vidare med. Men KD har stort potensiale til å køyra fast frontane i konflikten endå meir. Det er vanskeleg å unngå inntrykket av at den som er med på å promotera KD bidreg til overforenkling og etisk oppsmuldring.

³³ http://www.icrelations.net/Resolution_on_the_2009_Kairos_Document.3288.0.html

³⁴ Andre artikler som analyserer Kairosdokumentet:

http://www.icrelations.net/Statement_of_LEKKJ_regarding_the_Kairos_Palestine_Declaration.440.0.html, http://www.icrelations.net/The_Kairos-Palestine_Document_by_Palestinian_Christians.3057.0.html, http://www.icrelations.net/Statement_on_Kairos_Palestine.3778.0.html, http://www.icrelations.net/Land_of_Israel_and_Universal_Salvation_in_the_New_Testament.3423.0.html

³⁵ Det finst rasisme i Israel, ikkje berre mellom jødar og arabarar, men jødar i mellom. Rasisme mot afrikanske flyktingar kan vera kraftig. Aborttala i Israel er høge. Det er lett å bli lurt i israelsk forretningsliv. Eg har lese i israelske aviser om overgrep israelsk militære har gjort. Eg har høyrte på palestinarar som har fortalt meg om arrestasjonar og tap som i beste fall ser ut som unødig voldsbruk og i verste fall skjedde pga hat hos israelske soldatar. Heller ikkje alt er galt i Israel. Eg har òg møtt mykje etisk ryggrad og gode medmenneske som bryr seg om kvarandre og "dei andre".